

Konsesjonskraftforvalting

Underlag for diskusjon i kommunane i KKST hausten 2025

Innhold

- Kraftprising i Norden
- Noverande sikringsstrategi i KKST
- Historisk resultat frå konsesjonskraftforvaltning i KKST
- Oversikt over kraftforvaltingsmodellar
- Anbefalt sikringsstrategi frå styret i KKST

Kraftprising i Norden


Systempris (SYS):

- Rekna ut av Nord Pool kvar dag for neste døgn.
- Teoretisk pris - føresetnad om ingen flaskehalsar i det nordiske transmisjonsnett.
- Referansepris for prissetting av den finansielle krafthandelen i Norden.


Områdepris:

- Tar omsyn til flaskehalsar i transmisjonsnett.
- Noreg er delt inn i fem bod-område.
- Telemark er i bod-område NO2.


Kjelde: Energifakta Norge




NO2 spotpris 2024/2025




Konsesjonskraftforvaltning KKST per 2025




*Sal i spot = 20% dersom ein følger nøytralposisjon i sikringsnorma.
Ein kan sikre inntil 100% innanfor avtalt forvaltingsramme => 0% i spot.



Oppnådd salspris KKST versus spotpris NO2



Resultat frå sal KKST samanlikna med sal i spot 2011 - 2024



Ulike forvaltingsmodellar

Spot (dag-til-dag marknaden)

- Sal i spot
 - Provisjonsbasert portefølje
- Nettostrategi

Finansiell sikring

- Sikringshandel
 - Diskresjonær eller rådgjevande forvalting
- Aktiv handel
- Målpris
- Fastpriskontrakt


Forvaltingsmodellane er rangert etter tre kriterium:

1. Maksimerte inntekter (kort og lang sikt)
2. Føreseielege inntekter for komande år
3. Stabile inntekter over tid

Maksimerte inntekter	Føreseielege inntekter for komande år	Stabile inntekter over tid
Følgjer marknaden.	Inntekter svingar med spotpris.	Inntekter svingar med spotpris.

Sal i spot


- Ingen prissikring
- Stor variasjon i pris og inntekter frå år til år, får både toppane og botnane
- Alternativ: Provisjonsbasert portefølje
 - Forvaltar får provisjon (x %) av oppnådd pris over månadsmiddel spotpris
 - Motivasjon for forvaltar til å maksimere inntektene



Maksimerte inntekter	Føreseielege inntekter for komande år	Stabile inntekter over tid
Nettar ut forbruk og sal av kraft (kjøp og sal i same marknad). Ingen moglegheit til å optimalisere i kjøps- eller salsmarknaden.	Nettar ut forbruk og sal av kraft (kjøp og sal i same marknad).	Nettar ut forbruk og sal av kraft (kjøp og sal i same marknad).



Nettostrategi

- For kommunar og fylkeskommune som kjøper og sel kraft i same marknad
- Selje tilsvarande mengde som venta nytta til eiga forbruk i spotmarknaden
- Resterande mengd vert forvalta etter avtalt sikringsstrategi
- Lik inntekt og kostnad for forbrukt kraftmengd => minimere risiko




Nettostrategi

- Eksempel (fiktive tal):
 - Kommunane nyttar årleg 30 GWh til egne bygg
 - 30 GWh vert selt i spot
 - Fordelt utover året tilsvarande som forbruk
 - Resterande (510 GWh) kan bli forvalta på anna vis
- Resultat:
 - **Inntektene frå sal av 30 GWh svarar til årlege straumutgifter til kommunal drift**
- 30 GWh sal i spot kan bli handtert ved å definere maksimal finansiell sikringsgrad:
 - Konesjonskraft minus månedleg kommunalt straumforbruk



Finansiell sikring


- **Føremål: å redusere volatilitet i inntekter**
 - Litt tilsvarande som fastrente på lån
- Rådgivande forvaltning
 - Kunden må aktivt akseptere kvar handel
- Diskresjonær forvaltning
 - Forvaltar har fullmakt til å utføre handlar innanfor gitt mandat
 - I ein veldig volatil marknad får forvaltaren fleire moglegheiter til å plukke gode handlar når han raskt kan utføre desse




Maksimerte inntekter	Føreseielege inntekter for komande år	Stabile inntekter over tid
Delar av porteføljen følgjer vanlegvis marknaden, men kan også sikre 100% om ønskeleg.	Stor del sikra ved inngangen til leveringsåret. Kan oppnå tilnærma fastpris ved å sikre opptil 100% før leveringsåret.	Sikrar over fleire år => stabilitet i inntekter frå år til år.

Sikringshandel

- Sikringsgraden av porteføljen vert auka over tid, ingen rebalansering med kjøp av kraft
- Sikringshorisont: inneverande år + tre år fram i tid
- Ved spesielle marknadsmessige tilhøve kan ein avvike frå strategien (ut over den avtalte forvaltingsramma)
- Modellen gir stabilitet i pris og opnar samtidig for å kapitalisere på prissvingingane i den finansielle kraftmarknaden.




Sikringshandel



Maksimerte inntekter	Føreseielege inntekter for komande år	Stabile inntekter over tid
Følgjer sikringsnorma, men kan optimalisere med både kjøp og sal innanfor forvaltingsramma => moglegheit for å utnytte svingingar i marknaden sjølv ved høg sikring.	Sikringane som er gjort ved årsskiftet kan bli redusert gjennom året ved at kraft vert kjøpt tilbake under låge prisar med venta framtidig prisauke.	Sikrar over fleire år => stabilitet i inntekter frå år til år.

Aktiv handel


- Berre diskresjonær
- **Både kjøp og sal** innanfor mandatet i sikringsstrategien (nøytralposisjon og forvaltingsramme)
- **Moglegheit for å nytte alle svingingar i marknaden**
- **Litt mindre føreseieleg oppnådd pris enn frå sikringshandel då sikringsgraden også kan gå ned**



Maksimerte inntekter	Føreseielege inntekter for komande år	Stabile inntekter over tid
Målpris vert sett ved starten av året. Forvaltar nyttar den finansielle marknaden for å forsøke å optimalisere prisen.	Har eit mål for kraftinntektene og kraftprisen er i utgangspunktet sikra.	Normalt sett ingen sikring utanom inneverande år.

Målpris

- Målpris vert sett: Forvaltar tilbyr målpris for krafta for komande år, til dømes 60 øre/kWh
 - Målprisen varierer med tidspunkt for tilbodet og tilbodet varer berre ei kort tid
 - Kan tilby målpris for eitt eller fleire år
- Prissikrar heile konsesjonskraftvolumet ved starten
 - Aktiv handel i tillegg for å optimalisere prisen
- Kraftforvaltar får prosent av oppnådd pris over målpris
- Kunden veit kva han siktar mot, men målpris er eit mål, ikkje ein garanti
- Kunden kan bli «tvungen» til å akseptere målprisen for neste år når det nærmar seg årsskiftet, også når marknadsprisen er låg



Maksimerte inntekter	Føreseielege inntekter for komande år	Stabile inntekter over tid
Krafta vert selt til fast pris ved inngåing av avtale. Spotpris og venta marknadsutvikling ved avtale-tidspunkt avgjer alle inntektene.	100 % av inntektene for komande år er sikra før start av året.	Dersom fastprisavtale for eitt år, vert det forhandla ny pris kvart einaste år som vil avhenge av spotpris og venta marknadsutvikling ved avtaletidspunktet.

Fastpriskontrakt

- Sal av heile eller delar av porteføljen i ein eingongstransaksjon
 - Fastprisavtale for komande år
 - Prisen varierer med tidspunkt for tilbodet - tilbodet varer berre ei kort tid
- Sikre og føreseielege inntekter for komande år
 - Prisen er avhengig av forventad framtidig kraftpris ved tidspunktet for inngåing av avtala
- Ulempe:
 - Inntektene kan variere mykje frå år til år

Eksempel

Eksempel år 2021 og 2026 (fiktive tal):

- All konsesjonskraft for 2021 vart selt for 25 øre/kWh
 - $540\,000 \text{ MWh} \times 250 \text{ kr/MWh} = \mathbf{135 \text{ MNOK}}$
- All konsesjonskraft for 2026 vert selt for 60 øre/kWh
 - $540\,000 \text{ MWh} \times 600 \text{ kr/MWh} = \mathbf{325 \text{ MNOK}}$

Oppsummering av kraftforvaltingsmodellar

Kraftforvaltingsmodell	Maksimerte inntekter	Føreseielege inntekter for komande år	Stabile inntekter over tid
Sal i spot	Følgjer marknaden.	Inntekter svingar med spotpris.	Inntekter svingar med spotpris.
Nettostrategi	Nettar ut forbruk og sal av kraft (kjøp og sal i same marknad). Ingen moglegheit til å optimalisere i kjøps- eller salsmarknaden.	Nettar ut forbruk og sal av kraft (kjøp og sal i same marknad).	Nettar ut forbruk og sal av kraft (kjøp og sal i same marknad).
Sikringshandel	Delar av porteføljen følgjer vanlegvis marknaden, men kan også sikre 100% om ønskeleg.	Stor del sikra ved inngangen til leveringsåret. Kan oppnå tilnærma fastpris ved å sikre opptil 100% før leveringsåret.	Sikrar over fleire år => stabilitet i inntekter frå år til år.
Aktiv handel	Følgjer sikringsnorma, men kan optimalisere med både kjøp og sal innanfor forvaltingsramma => moglegheit for å utnytte svingingar i marknaden sjølv ved høg sikring.	Sikringane som er gjort ved årsskiftet kan bli redusert gjennom året ved at kraft vert kjøpt tilbake under låge prisar med venta framtidig prisauke.	Sikrar over fleire år => stabilitet i inntekter frå år til år.
Målpris	Målpris vert sett ved starten av året. Forvaltar nyttar den finansielle marknaden for å forsøke å optimalisere prisen.	Har eit mål for kraftinntektene og kraftprisen er i utgangspunktet sikra.	Normalt sett ingen sikring utanom inneverande år.
Fastpriskontrakt	Krafta vert selt til fast pris ved inngåing av avtale. Spotpris og venta marknadsutvikling ved avtale-tidspunkt avgjer alle inntektene.	100 % av inntektene for komande år er sikra før start av året.	Dersom fastprisavtale for eitt år, vert det forhandla ny pris kvart einaste år som vil avhenge av spotpris og venta marknadsutvikling ved avtaletidspunktet.

Maksimerte inntekter	Føreseielege inntekter for komande år	Stabile inntekter over tid
Delvis spot, delvis aktiv handel innan porteføljen med finansielt sikra mengder.	Relativt god sikring ved inngang til nytt år, men sikringsgrad kan bli redusert i etterkant for å maksimere inntekter.	Finansiell sikring går jamt over fleire år for porteføljen med aktiv handel.

Anbefalt framtidig sikringsstrategi frå styret

- **20% Sal i spot**
- **80% Aktiv handel**

Endring frå 2025:

- Noko meir sal i spot
 - Både sal og kjøp innan finansiell handel
 - Diskresjonær forvalting
- ↓
- Framleis relativt stabile inntekter gjennom langsiktig finansiell sikring
 - Noko høgare risiko med meir sal i spot, men også venta auka maksimering av inntekter
 - Større moglegheit til å optimalisere allereie sikra volum

